

Bluegrass på Sagastad

Fredag 18. september spelar Misery And Company opp på Sagastad.

Bluegrassbandet består av Sigmund Larsen, Oddbjørn Melheim, Atle Oen, Silvia Melum Holmøy og Eirik Haugland. Dei stiller med finstemte struper, nystemde gitarar, lystig banjo, fengjande fele og stødig kontrabass. Og garanterer tramp og trall frå start til mål.



Bufetat



KOPI AV SUNNIVASKRINET: I 1170 blei skrinet med Sunniva sine levningar flytta frå klosteret på Selja til Bergen. Då blei også bispesetet formelt flytta dit. Dette er 850 år sidan, og denne seglasen skal no gjennomførast anno 2020 med ein kopi av Sunnivaskrinet. Kartet viser stoppestadane på vegen.

Skal frakte Sunnivaskrinet frå Selje til Bergen

Frå 28. august til 5. september 2020 vert det seglas med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia. For å markere at det i år er 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen.

Ved at skrinet kom til Kristkyrkja i Bergen vart byen ein valfartstad for pilegrimar, og byen sin prestisje og stilling vart styrka. No 850 år etter er det laga ein kopi av Sunnivaskrinet, som skal ut på same reisa som det originale skrinet gjennomførte då Sunniva sine levningar skulle fraktast til Bergen. Det heile startar om kvelden torsdag 27. august ved at representantar frå FN-sambandet kjem til Selja. Dagen etter, fredag 28 august, blir det undervisning og strandrydding på klosterøya Selja. Deltakarar blir FN-sambandet, konfirmanter, elevar og lærarar ved Selje skule. Her blir det fokus på FN sine bærekraftsmål, strandrydding og utforsking av plastforureining.

Skrinet overnattar i tårnet
Om kvelden fredag blir det kveldsbøn i Selje kyrkje. Etter



UT PÅ REISE: F.v.: Sunniva Aadland Høen (katolikk frå Oslo/Selja), Dina Øien (protestant frå Florø/Kinn), Victoria Lid (ortodoks frå Os/Bjørnafjorden) og Elisabet Osdal (protestant frå Selje).

kveldsbøna vert kopien av Sunnivaskrinet plassert i robåt ved Seljesanden, og rodd ut til Klosterøya av dei fire ungdomspilegrimane. På øya skal skrinet overnatte i tårnet på Selje kloster. Laurdag 29. august blir det ortodoks messe i Sunnivahola. Så blir det gudsteneste på Selje kloster med ass. prost Vidar Bjotveit som liturg. Etter gudstenesta blir det skrinprosjekt med ungdomspilegrimane ned til sekskeiping. Kystkulturlaget i Vågsøy ror med ungdomar og skrin frå Selja og sørover mot Måløy.

Om ettermiddagen/kvelden laurdag blir det båtveksling ved Hornelsneset. Ungdomspilegrimar og skrin skal over i båt frå

Hornelen kystlag. Laurdag kveld blir det ankomst i Kalvåg. Skrinet overnattar i Frøya kyrkje til søndag.

Sunnivafestival i Bergen

Søndag 30. august kjem båtar og skrin til Kinn. Måndag kjem seglasen til Svanøy. Tysdag er det Askvoll og Eivindvik som står for tur, med strandrydding i Eivindvik. Torsdag kjem båt-følget til Lygravåg og laurdag er seglasen framme i Bergen.

I Bergen blir det Sunnivafestival frå fredag 4. september til onsdag 9. september.

INGER TRÆEN
inger@fjordabladet.no

**Barn og unge
treng fosterheim
i eige nærmiljø
i Nordfjord**

**Informasjonsmøte om
fosterheim på Eid**

26. AUGUST

Sophus Lie-vegen 9
Onsdag 26. august 2020
18:00 - 20:00

Les meir om møtet på:

fosterheim.no